

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje:

99-102, 131, 129, 103-119, 121, 120, 122-125, 135, 126-128, 130-134.

### PRESENTASJONAR

- Fylkesdirektør organisasjon **Ingrid Kristine Holm Svendsen** presenterte hovudresultata frå medarbeidarundersøkinga som er gjennomført i Hordaland fylkeskommune.
- Kst. fylkesrådmann **Johnny Stiansen** presenterte kommuneøkonomiproposisjonen for 2014.
- Direktør for Skyss **Oddmund Sylta** orienterte om konsekvensar av innføring av ei takstsone i Hordaland.

### SPØRSMÅL

I samband med behandling av sak 108/14 stilte **Sveinung Valle** slikt spørsmål:

"Nytteprinsippet i samband med bompengepakken/bompengainnkrevjing er eit sentralt kriterium for godkjenning/avslag av bompengeprojekt.

Er det motteke nye signal/direktiv/endra praksis frå Vegdirektoratet/departementet om korleis nytteprinsippet er å forstå etter 2011?"

Det vil kome svar i neste møte.

**Benthe Bondhus** stilte slikt spørsmål:

**"Vegprosjekt som store spleiselag (eks. Jondalstunnelen)**

Fullfinansiering, med blant anna midlar frå kommunar og næringsliv. Prosjektet vart rimelegare enn venta.

Korleis vert innsparingane fordelt på bidragsytarane?"

Det vil kome svar i neste møte.

**Benthe Bondhus** stilte slikt spørsmål:

**"Haukanesberget**

Ekstraordinære midlar for å styrka trafikktryggleiken ved prosjekt Haukanesberget, Granvin kommune. Utfordring; vegstrek på ca. 70 m gjenstår for å gjera prosjektet tryggare i overgangen mellom ny tunnel og den eksisterande veggen.

Korleis kan ein løysa denne utfordringa?"

Det vil kome svar i neste møte.

**Aud Karin Oen** viste til desembertinget 2013, der Tom Skauge bad om å få lagt fram sak om at fylkestinget skal oppmode Bergen bystyre om å gje eit byrom Nelson Mandela sitt namn. Saka kom ikkje opp i marstinget 2014. Ho reknar med at saka kjem opp i juninget.

**Aud Karin Oen** spurde om det er søkt om prosjektmidlar til arbeid mot mobbing/elevombod.

Kst. fylkesrådmann stadfesta at det er søkt om midlar.

**Dan Femoen** etterspurde status for "motorlaboratoriet" ved Rubbestadneset vgs. Det vil kome tilbakemelding i neste møte.